



Ordføreren i Osterøy

Hordaland fylkeskommune

v/leiar for Utval for miljø og samferdsel Jon Askeland
Fylkesdirektør samferdsel Håkon Rasmussen
Fylkesbygget, Bergen

Sikring av ferjesambandet Valestrand – Breistein

Innleiingsvis vil eg takka Utval for miljø og samferdsel (MISA) for høve til å presentera utfordringar og moglegheiter knytt til ferjesambandet mellom Valestrand (Osterøy) og Breistein (Bergen) i møtet 15.05.2018.

Vegen vidare mot eit bærekraftig samband – både med omsyn til miljø og økonomi – er viktig for samfunnsutviklinga i regionen vår. Eit bærekraftig samband vil sikra ein særskild høg kollektivdel mellom Osterøy og omlandkommunane både for arbeidsreisande og skulereisande. Framtidig nullutslepp teknologi vil gje vesentleg reduksjon i CO₂/NO_x.

Eit samrøystes heradstyre i Osterøy 30.05.2018 vil be Utval for miljø og samferdsel i Hordaland fylkeskommune om å fatta slikt vedtak:

«Utval for miljø og samferdsel ber fylkesrådmannen koma tilbake med sak før budsjetthandsaminga hausten 2018 med konkrete alternativ for å sikra ferjesambandet Valestrand – Breistein. Alternativa føreset overgang til låg- eller nullutslepp framdrift.»

I presentasjonen for utvalet vart det peika på tre moglege alternativ for å sikra eit bærekraftig samband i framtida:

- Utlysa offentleg anbod for ferjesambandet Valestrand – Breistein med krav om nullutslepp teknologi
- Auka takstrefusjon frå Skyss til Osterøy Ferjeselskap for periode- og ungdomskort til minstetakst (1,6 mill. kr årleg auke i inntekt slik trafikkgrunnlaget er dag)
- Teknologi: Sikra maksimal offentleg finansiering for ombygging mot nullutslepp

Presentasjonen frå møtet 15.05.2018 ligg ved. Den inneheld etter vår meining sentrale moment i saka – og gjev faktaopplysningar til saksførebuing.

Analysa «Ferjesambandet Valestrand – Breistein, ei enkel analyse» utarbeidd hausten 2017 på vegne av Osterøy Ferjeselskap av Asplan Viak ligg òg ved. Konklusjonar frå denne ligg i presentasjonen.

Lonevåg, 05.06.2018
Jarle Skeidsvoll
ordfører, Osterøy